

# Møteprotokoll

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre  
**Møtestad:** Skei hotell  
**Dato:** 28.11.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:30

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	
Håkon Myrvang	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	
Leidulf Rygge Bogstad	Medlem	
Gunhild Berge Stang	Medlem	

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 13/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 14/2018	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 5/2018	Orienteringssaker		
ST 15/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyring av besøksstrategi		2018/3272
ST 16/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2019		2014/47
ST 17/2018	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - tiltaksmidlar i 2019		2018/3702
ST 18/2018	Eventuelt		

## **ST 13/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste

## **ST 13/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 28.11.2018**

#### **Vedtak**

Innkalling vart godkjent.

Der kom inn to saker til eventuelt, frå nestleiar Oddmund Klakegg:

- a. Jostedalsbreen nasjonalpark vert styrka med ei ny forvaltarstilling
- b. Styresamansetting etter kommunesamanslåing i Sunnfjord

Saklista vart gdkjent med desse tillegg under ST 18/2018 Eventuelt.

## **ST 14/2018 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

### Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner og skriv under protokoll frå førre møte

## **ST 14/2018 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 28.11.2018**

#### **Vedtak ST 14/2018**

Protokoll frå styremøte 2/2018 vart godkjent og signert

## RS 5/2018 Orienteringssaker

- COWI AS fekk i september løyve til å fly lågt over fire vatn i Naustdal-Gjengedal i samband med taking av vassprøver. Løyvet vart gjeve med delegert mynde. Seinare kom det melding om at prøvetakinga ikkje vert gjennomført i 2018.
- 24.oktober var det møte i Rådgevinge utval for Naustdal-Gjengedal. Naturoppsyn og forvaltar representerte forvaltninga på møtet. Etter møtet i RU hadde vi eit ope høyringsmøte om besøksstrategien.  
Vi fekk fleire gode innspel, både til besøksstrategien, til tiltak og til forvaltninga generelt.
- 31.oktober heldt forvaltar eit innlegg for kommunestyret i Gloppen. Tema i innlegget var presentasjon av Naustdal-Gjengedal LVO og Ålfotbreen LVO, lokal forvaltning m.m.
- Status på tiltak:
  - o Ryssdalshorn
  - o Byrkjeneset
  - o Arnestadstøylen
  - o Klopplegging i grunneigarregi

Utval	Utvallssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	15/2018	28.11.2018

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyring av besøksstrategi

Framlegg til besøksstrategi fekk fagleg godkjenning frå Miljødirektoratet 24.juli 2018. Dokumentet vart lagt ut på nettsidene til verneområdestyret, og melding om høyringa vart sendt ut på e-post til aktuelle partar og interesser 8.oktober. Høyringsfristen vart sett til 15. november.

Det vart halde eit ope høyringsmøte om strategien på Skei 24. oktober.

Det har kome inn nokre innspel, både på e-post og via andre kanalar.

### Innspel:

#### E-post frå Asbjørn Gimmestad, Gimmestad/Moen sameige:

- Kan stadfeste at vegen til Langedalen og Gimmestadstøylen har kontantlaus betaling. (kap. 2.4.1)
- Meinat at Gimmestadstøylen/Breidalen bør vere med på lista over innfallsportar til verneområdet (kap 2.4.1).

### Villreinnemnda for Sogn og Fjordane:

Villreinnemnda har skrive ei fylldig høyringsfråsegn. Her er ei oppsummering av dei momenta dei peiker på:

- Me er kritiske til at auke i ferdsel i seg sjølv skal være eit mål for forvaltinga av verneområdet.
- Trekksonar og sentrale vinterbeite for villrein lyt inkluderast i lista over sårbar natur der ein ikkje skal legge til rette for auka ferdsel.
- Det er viktig at informasjon som vert utarbeidd syner fram kva som er særleg sårbart i området, og gjev råd om beste åtferd for å unngå konflikt med desse. Me tenker på villrein, men og andre artar/artsgruppe vil høyre naturleg heime i slik informasjon.
- Bruken av Longevasshytta bør haldast på eit moderat nivå, der ein respekterer at nærområda er viktige sommar- og haustbeiter for rein. Ein må unngå å auke ferdsla i Blåskardet, då dette er ein passasje turgåar og rein lyt dele.
- Svartekari lyt takast ut av lista over toppturmål vinter. Ei auke i bruken av dette turmålet utover dagens nivå vil fortrenge reinen frå eit heilt sentralt vinterbeite.
- Villreinnemnda, som offentleg forvaltingsorgan, med det formelle ansvar for forvaltinga av villreinstammen i Førdefjella villreinområde, ynskjer å verte inkludert i oversikta over aktuelle aktørar. Også Førdefjella villreinutval bør finnast i denne oversikta.

### Innspel frå Ola Jan Birkeland (muntleg):

OJB har ikkje planer om å bruke villmarksleiren sin på Byrkjeneset meir i kommersiell verksemd. Han ynskjer at Byrkjeneset skal verte meir brukt, og opnar derfor for at ålmenta kan nytte det som er her.

### Innspel frå grunneigarane i Gjengedal (e-post):

- Største verdiskapinga i verneområdet kjem frå beiting.
- Infrastruktur må vedlikehaldast på ein god og forsvarleg måte.
- Det bør vere eins pris på innleigd arbeid, uansett om det er grunneigarar, lag, organisasjonar eller andre.
- Forvaltninga må ha ansvar for vedlikehald av den infrastrukturen som forvaltninga har lagt ut. Det bør nyttast vedlikehaldsfrie material der det er mogeleg.
- Det må informerast om beiteområde og bandtvang på alle infoskilt og liknande. Det må og informerast om at ferdsel skjer på eige ansvar.
- Dersom desse omsyna vert tekne, har ikkje grunneigarane noko i mot at områda vert nytta av ålmenta.
- Gjengedalsstøylsvegen har no fått kontantfri betaling (Vipps).

Høyringsfråsegnene i heilskap ligg vedlagt til sakspapira.

## Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 28.11.2018

### Vedtak ST 15/2018

Styret gjekk gjennom og diskuterte dei ulike fråsegnene og innspela som har kome inn i høyringa.

Verneområdeforvaltaren merka seg dei konklusjonane og signala som styret kom med. Forvaltaren skriv eit nytt utkast med dei endringane og tillegga som styret ville ha med. Det vert deretter sendt ut eit nytt utkast til styret for godkjenning.

Arkivsaksnr: 2014/47-0

Saksbehandlar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 20.11.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	16/2018	28.11.2018

## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2019

### Innstilling frå forvaltar

Styret skal sende inn søknad om driftsmidlar for 2019. Her må det takast høgde for kostnadane knytt til styremøte, møte i Rådgevande utval, eventuelle studieturar og synfaringar som styremedlemmer skal vere med på. Kostnadar knytt til forvaltar er ikkje ein del av styret sitt driftsbudsjett.

I framlegg til budsjett er det teke utgangspunkt i fire møte i verneområdestyret og eitt møte i Rådgevande utval. Det er teke utgangspunkt i at alle representantar møter i møta.

Estimering av utgifter til møtegodtgjerdse 2019

for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Møtegodtgjerdse		Timeforbruk
Sats leder (kr/t)	595	* = inkl. like lang tid til forberedelse
Sats øvrige (kr/t)	450	som møtets varighet

Varighet per møte	Antal deltakarar	Timeforbruk leiar (t)	Kostnad leiar (kr)	Timeforbruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Antal møter	Totalt
3	5	5	2 975	5	9 000	11 975	4	47 900
Møtegodtgjørelse								47 900
Kostnader i samband med møta (lokale og servering)				Utgangspunkt i kr 2000 per møte				8 000
Tapte arbeidsforteneste	1 medlemmer får det dekket			2000 kr per dag				8 000
Reisegodtgjerdelse				Utgangspunkt i kr 700 per pers per møte				14 000
<b>Totalt</b>								<b>77 900</b>

I tillegg til kostnader knytt til styremøte i verneområdestyret, kjem kostnader knytt til Rådgjevande utval. Der er det normalt eitt møte i året, med inntil 11 representantar. Kostnader til å arrangere møtet og reisekostnader er budsjettert til maksimalt 9000 per år.

Det er ikkje lagt inn kostnader knytt til planarbeid i 2019.

**Totalt vert framlegg til driftsbudsjett for 2019 då på kr 86 900.**

Dersom Miljødirektoratet har planer om nasjonalparkkonferanse i 2019, må det takast høgde for det i budsjettet. Vi går ut i frå ein kostnad på kr 6000 per styremedlem ved deltaking på ein slik konferanse i Trondheim. Det vil då vere ein stipulert kostnad på kr 30.000 ved deltaking på nasjonalparkkonferanse som kjem i tillegg til driftsbudsjettet som er sett opp her.

## Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 28.11.2018

### Vedtak ST 16/2018

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sender inn søknad om kr 86.900,- i driftsmidlar for 2019.

I tillegg vert det presisert at dersom Miljødirektoratet planlegg nasjonalparkkonferanse i 2019, må det leggest til kr 30.000,- for å dekke reisekostnader knytt til konferansen.

Arkivsaksnr: 2018/3702-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 20.11.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	17/2018	28.11.2018



## **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - tiltaksmidler i 2019**

### **Innstilling frå forvaltar**

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2019. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret 2019. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan eller andre langsiktige planer eller strategiar. Men det kan og vere tiltak som dukkar opp utanom desse dokumenta.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot)
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet (sjå vedlagte brev)

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp eit framlegg basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn no i haust.

<b>Pri</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Skildring</b>	<b>Sum</b>
	Geitabykset	Gjere ferdig arbeidet i Geitabykset på ruta til Ryssdalshornet	200 000
	Klopplegging langs Storevatnet	Legge kloppar langs ruta som går inn til Byrkjeneset	100 000
	Supplerande klopplegging Instedalen	Øvre Naustdal Utmarkslag vil supplere kloppane ved Vonavatnet og Nesstølen. Behov for kloppematerial og midlar til utføring.	60 000
	Bruer i Langedalen	Kristian Mardal vil legge to bruer over elva i Langedalen for å utnytte beiteområdet betre	20 000
	Stølsråsa til Mardalsstøylen	Ruste opp råsa. Steinsetting, kloppar, bruer	80 000
	Traktorveg Jardalen/Mardalsstøylen	Utbetring av traktorveg. Pukking og grusing av traktorvegen. (Søkt om 50.000)	0
	Utbetring av stien gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere tiltak for å legge fremdriving av storfe	100 000
	Villmarksleiren i Byrkjeneset.	Legge til rette for ålmenta sin bruk av villmarksleiren til telting, rast og anna bruk.	20 000
		<b>Totalt</b>	<b>580 000</b>

## Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 28.11.2018

### Vedtak ST 17/2018

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sender inn følgende søknad om tiltaksmidler for 2019:

Pri	Tiltak	Skildring	Sum
1	Geitabykset	Gjere ferdig arbeidet i Geitabykset på ruta til Ryssdalshornet	200 000
2	Klopplegging langs Storevatnet	Legge kloppar langs ruta som går inn til Byrkjeneset	100 000
3	Supplerande klopplegging Instedalen	Øvre Naustdal Utmarkslag vil supplere kloppane ved Vonavatnet og Nesstølen. Behov for kloppematerial og midlar til utføring.	60 000
4	Informasjonsskilt	Det skal settast opp eitt nytt skilt i kvar kommune, basert på den nye merkevarestrategien. Erfaringar frå pilotane syner at kvart skilt vil koste 60.-80.000.	240 000
5	Stølsråsa til Mardalsstøylen	Ruste opp råsa. Steinsetting, kloppar, bruer	80 000
6	Villmarksleiren i Byrkjeneset.	Legge til rette for ålmenta sin bruk av villmarksleiren til telting, rast og anna bruk.	20 000
7	Bruer i Langedalen	Kristian Mardal vil legge to bruer over elva i Langedalen for å utnytte beiteområdet betre	20 000
8	Utbetring av stien gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere tiltak for å legge fremdriving av storfe	100 000
		<b>Totalt</b>	<b>820 000</b>

## **ST 18/2018 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 28.11.2018**

#### **Vedtak ST 18/2018**

- a. Oddmund Klakegg, som og sit i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, informerte om at Jostedalsbreen vert styrka med ei ny forvaltarstilling.

Forvaltar informerte om at det og kjem ny forvaltarstilling i Aurland, for Nærøyfjorden og Stølsheimen. Og at det vert ein del organisatoriske endringar hjå Fylkesmannen i samband med samanslåing med Hordaland og den nye Fylkesmannen i Vestland.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vil invitere seksjonsleiaren for den nye naturmangfaldseksjonen, Eline Orheim, på neste styremøte.

- b. I 2020 vert Naustdal, Førde og Jølster kommunar slått saman, og vil saman med Gaular utgjere den nye Sunnfjord kommune. I 2020 skal det og nemnast opp nytt verneområdestyre, etter kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2019. Det er enno ikkje klarlagt korleis det nye styret skal settast saman, etter samanslåingane.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ynskjer å kome med innspel til korleis det nye styret bør settast saman. Styret tek dette opp som eiga sak på neste styremøte.